

# Protokoll frå stiftingsmøte av Lindås kulturråd.

Til stades: 28 frammøtte.

Johannes Rydland ønskte velkommen til eit historisk møte i det første kulturrådet i Nordhordland, gav ei kort orientering om arbeidet i arbeidsgruppa og leia allsongen «No livnar det i lundar». Flott start på eit møte.

Per Ole Ekker orienterte om frivillighetsregisteret, utfordringar som kan oppstå når kontaktperson i laget bur i ein annan kommune, kven kan verte medlemer i kulturrådet m.m.

## 1. Registrering av frammøtte

28 frammøtte inkl. interrimstyre, Ordførar og kultursjef. 17 lag hadde i forkant av møtet sendt inn skriftleg ønskje om å verte medlemer, og desse fekk 1 stemme kvar under avstemminga:

- UL Heimhug
- Knarvik skulekorps
- Kløvheim ungdomslag
- Alversund mållag
- Alversund helselag
- Eknesvågens venner
- Lindås økologiske landsby
- Musikkens venner
- Kløvheim skulekorps
- Hjelmås mannskor
- Nordhordland husflidslag
- Eikanger Bjørsvik musikklag
- Lindås skulekorps
- Alversund KFUK-KFUM speidere
- Alversund skulemusikkorps
- Stordalen vel
- Lindås ungdomslag

## 2. Godkjenning av innkalling

Ingen merknader til innkallinga.

## 3. Val av møteiar

Johannes Rydland vart valt til møteiar.

## 4. Val av referent

Gro Sundal vart valt til referent.

## 5. Val av 2 personar til å underteikne protokollen

Hilde Alvær Hagesæter og Kristin Rongevær vart valde til å underteikne protokollen.

## 6. Gjennomgang av forslag til vedtekter

Rune Brundtland gjekk kort igjennom bakgrunnen for arbeidsgruppa sitt forslag på vedtekter og la desse fram. 2 tilføyningar/endingar frå dei røysteføre:

§6 Årsmøte -> årsmøte skal gjera:

tillegg: eit punkt 5. Handsama budsjett og handlingsplan

§8 Oppløysing av kulturrådet:

Oppløysing av Lindås kulturråd kan kun skje ved 2/3 fleirtal ved 2 påfølgande årsmøte. Midlar, som måtte vera i rådet, skal tilførast posten for kulturmidlar i kommunen.

Endingane samrøystes vedtekne.

## 7. Stifting av Lindås kulturråd

Lindås kulturråd vart samrøystes avgjort stifta.

## 8. Val

Valnemda beståande av interrimstyret la fram følgjande forslag på eit første styre:

Leiar:	Einar Vatne	1 år	Musikkens venner
Styremedlem:	Per Ole Ekker	2 år	Hjelmås mannskor
Styremedlem:	Karin Monstad	1 år	Alversund mållag
Styremedlem:	Siv-Marit Rødland	2 år	Lindås ungdomslag
Styremedlem:	Gro Sundal	1 år	Alversund skulemusikkorps
Varamedlem:	Hilde A. Hagesæter	1 år	UL Heimhug
Varamedlem:	Björg H. Seljelid	1 år	Kløvheim ungdomslag
Valkomitè:	Rune Brundtland	1 år	Stordalen Vel
Valkomitè:	Marit Gro Berge	1 år	Alvidt/Manger
Valkomitè:	Johannes Rydland	1 år	
Revisor:	Oddvar Sundsbø	1 år	

Ingen motforslag på kandidatar og det nye styret var samrøystes vedteke.

## 9. Budsjett og handlingsplan

Gro Sundal orienterte om forslaga til budsjett og arbeidsoppgåvene på handlingsplanen. Interimstyret har vurdert at det er viktig å byrja i det små, oppgåvene må vere handterlege, slik at belastninga ikkje vert for stor på frivillig basis. Det nye styret må få jobba seg inn og finna si arbeidsform. Frivilligsentralen bidrar med administrativ ressurs i ein prosjektperiode.

Budsjett: Det er søkt om 30.000,- i kulturmidlar til drift at kulturrådet i 2015. Rådet har ikkje anna inntekt pr. i dag enn kommunale midlar.

Utgifter:

Annonsering	9000
Serv. stifting og div. møter	4000
Temadagar/Foredragshaldarar	1000
Køyregodtgjersle	3000
Diverse	4000
Sum utgifter	30000

Handlingsplan: Oppgåver det første året

1. Uttale til fordeling av kulturmidlar vår og haust 2015
2. Etablere gode kanalar for informasjon og kommunikasjon (epost, sms, sosiale medier)
3. Registrere medlemer
4. Orienterer levekår og kommunestyre om kulturrådet sitt arbeid
5. Få godkjent ein samarbeidsavtale med kommunen

Merknader frå salen at dette var ein «administrativ» handlingsplan og at det var ønskjeleg å få inn eit tillegg, punkt 6. Arbeide for kulturhus.

Samrøystes vedteke at dette ikkje vert tatt med det første året.

Knarvik 22. april 2015

---

Gro Sundal, referent

Sign.

Protokollunderskrivarar:

---

Hilde Alvær Hagesæter

Sign.

---

Kristin Rongevær

Sign.